

Forslag Egil Haaland:

**Høyringsuttale postutvalet Eldrerådet i Øygarden går sterkt imot de hovudlinjene som rapporten foreslår om framtidenes posttenester. Mange av forslagene vil setje velferdssamfunnet i revers.**

Øygarden kommune har vedteke Samfunnsdelen til kommuneplanen 2022-2034. Det er denne som må leggjast til grunn for samfunnsutviklinga i vår kommune.

Som ein vesentleg del av denne planen lister den opp bl.a. følgjande hovudmål:

- Øygarden er ein god stad å bu
- Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet
- Med delmål som:
- Øygarden har eit tenestetilbod som fremjar god folkehelse.
- Øygarden er eit inkluderande og aldersvenleg samfunn.

Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet

Med delmål som:

- Gjennom tidleg innsats og eit heilsakleg fokus på livsløpet skal vi arbeida for å førebygga utanforskap for alle aldersgrupper.
- Vi skal sikra tilgang til trygge og inkluderande lokalmiljø med funksjonar som dekker daglege behov.

Dei endringsforsлага som Postutvalget sitt fleirtal foreslår, står i strid med dei måla vår kommune har satt.

Viss postutlevering skal skje på sentraliserte steder vil det krevje reise til/frå utleveringsstadane. Ein redusert, og nesten helt fråverande, postombering vil medføre store ulemper for mange av våre innbyggjarar som ikkje innehavar tilstrekkeleg digital kompetanse eller har moglegheit for sjølv å flytte seg over store strekningar. Dette er heilt uavhengig av alder.

Andelen av befolkninga som har ein funksjonsnedsetting er ifølgje tal frå levekårsundersøkinga SILC har om lag 20 prosent. Dette gjelder personar i alle aldre og livssituasjonar. I årene framover forventast aldersgruppa over 80 år å bli nesten 1 million innan 2100.

Det viser at omfanget av personar som vil ha problem med å tilpassa seg den endringa som fleirtalet foreslår, blir veldig stor. Det må det takast omsyn til.

Postutvalget vurderer at papiravisser framleis har ein sentral funksjon i samfunnet, og anbefaler at avisar leverast til postkassen minst tre dagar i veken. Det støtter vi.

### **Forsøksprosjektet «På dørterskelen»**

Pilotkommunane opplever at det er betre kjennskap til moglegheitene som formidlast gjennom tenestene, og rapporterer om økt deltaking på aktivitetar og arrangement. Dei ønskjer å vidareutvikla og utvida tenestene.

Einsemd og utanforskap er den største utfordringa for samfunnet framover.

Kommunen og statlege aktørar kan bruke denne tenesta til å formidle informasjon, og rekruttere eldre til lokal frivillighet og aktivitetstilbod.

I rapporten står det at gevinsten for dei eldre er at dei gjennom informasjonsskrivet mottar nyttig informasjon. Dei føler seg sett og anerkjent og fleire får meir sosial kontakt og opplever økt tryggleik og trivsel i eigen heim.

Dette vil også bidra til at det politiske målet om å bu lengre heime i større grad kan oppfyllast. Når erfaringane med denne ordninga har vært veldig positive, er det difor større grunn til å utvide den enn å avvikle den.

Dørterskelttilbodet bør bli ein del av dei leveringspliktige tenestene med statleg finansiering som ein viktig del av det velferdssamfunnet Noreg bør være.

Vi ønskjer å sjå på samfunnet vårt som eit samfunn med høg velferd. Verdien eit godt og trygt liv gir, kan ikkje berre målast i kroner og øre.

Vi oppfattar at Postutvalget har lagt størst vekt på den økonomisk sida.